

Fra: Åshild Widerøe[ashild.wideroe@mr fylke.no]
Sendt: 14.08.2023 23:11:42
Til: Bibliotekutvikling[bibliotekutvikling@nb.no]
Kopi: One Marthe Jostad Vik[one.marthe.jostad.vik@mr fylke.no];
Tittel: Rapportering etter avslutta tiltak, Utfør

Rapportering etter avslutta tiltak

Utfør – formidlingsprosjekt i samarbeid med ungdom i Møre og Romsdal

Vi takkar for tildeling på til saman 550 000 kroner til å kjøpe fri personale til aktiv formidling og samarbeid i ti kommunar i Møre og Romsdal. Vi oppretta ei styringsgruppe der alle deltakande folkebibliotek og ABM-seksjonen i fylkeskommunen var representert. Gunn Heidi Knudseth-Michalsen frå Averøy bibliotek tok på seg oppgåva å vere prosjektleiar.

Vi har hatt kontakt med seniorrådgivar Hilde Ljødal hos dykk når det har kome behov for endringar. Folkebiblioteka i Averøy, Gjemnes, Hustadvika, Kristiansund, Molde, Rauma, Smøla, Sula, Sykkylven og Tingvoll var med i søknaden. Ved oppstart måtte Sula trekke seg. Vi prøvde å få inn eit anna folkebibliotek i staden, men det lukkast oss ikkje. Vi gjennomførte difor prosjektet med ni folkebibliotek. Vi fekk godkjent ei utviding av prosjektperioden til 30. april 2023, og 3. juli fekk vi aksept for å utsette rapporteringsfristen til 14. august.

Gjennomføring og erfaringar

Biblioteka har gjort seg mange erfaringar i gjennomføringa av prosjektet. Dei har lagt ned mykje arbeid i planlegging av tiltak, men ikkje alle tiltaka har latt seg gjennomføre. I denne rapporten vil vi trekke fram eksempel på tiltak som har fungert godt, men også formidle vidare tiltak som ikkje har gått som planlagt. Det inneber at det er konkrete tiltak frå enkelte av biblioteka som blir skildra inngåande, medan andre kommenterer vi meir samla. Biblioteka hadde mange idear og fleire andre mindre tiltak enn dei vi går inn på her.

Vi vil byrje denne gjennomgangen med Averøy bibliotek sine tiltak og nokre av erfaringane deira. Dei starta prosjektet med eit idémøte med ungdomsrådet, som rådde biblioteket til å bruke TikTok, gjerne at ungdom både har region og formidlar. Biblioteket oppretta TikTok-konto og laga litt innhald som ein start. Bibliotekaren tok kurs i bruk av plattformen og førebudde seg godt til arbeidet med ungdomane. Samarbeid med ungdomsskolen vart til slutt det som fungerte. 8. og 9. klassingar fekk bokpresentasjonar og vart introduserte for BookBites, og dei fekk oppleve shared reading-lesestunder, som vart gjennomførte som del av norsktimane i grupper på om lag åtte elevar. Elevar har gjennom valfaget «Innsats for andre» fleire gonger valt å kome på biblioteket der bibliotekaren laga liste over aktuelle oppgåver. Som regel valde ungdomane å lage video til TikTok, ofte bokanbefalingar. Brukarnamnet på TikTok er averoybibliotek. Sidan prosjektperioden vart utvida fekk Averøy bibliotek også tid til å ta ein runde i alle klassene i ungdomsskolen med boktips og meir prat om BookBites, og dei gjennomførte shared reading-lesestunder for elevar som ønskte å vere med. Fleire andre bibliotek synest det har vore krevjande å få ungdom til å kome på shared reading-lesestunder. Sidan dette fungerte svært bra i Averøy, vel vi å gjengi bibliotekarens refleksjonar her: «Shared reading lesegrupper var veldig populært under vårt prosjekt. Vi fikk et luksusproblem og måtte avslutte før skolen var “mett”. De ville gjerne ha flere lesestunder, både elevene og lærerne. Det viser seg at

ungdom liker veldig godt høytlesing. Dette er verdifullt og nyttig å ha med seg vidare. Å ha lesestunder for denne brukergruppen skiller seg en del fra voksne. Jeg måtte tilrettelegge både mtp på valg av tekst og forberedelser. Det var noen ganger en utfordring at det var i skoletiden, f.eks. ble lesestunden litt kortet ned noen ganger. De lesestundene hvor elevene selv hadde ønsket å være med var en helt ulik erfaring fra de lesestundene som var en del av norsk-timen. Elevene var blant annet mer deltakende når de selv hadde valgt å være med. Til sammen hadde jeg 17 lesegrupper under hele prosjektet. (...) Noen av ungdommene brukte litt tid på å tørre å si noe, men på alle gruppene var det fine innspill. Alle koste seg med kjeks og ingen ga uttrykk for at de ikke likte å bli lest for. Biblioteket er et fristed på en skole, og slike arrangement er med på å gi dem en pause i prestasjonsverdagen de har ellers.»

Det var fleire bibliotek som også planla lesestunder med shared reading. Dei brukte tid på å etablere samarbeid og førebu lesestundene, men dei vart gjennomført i varierende grad. Dei som fekk gjennomført nådde ungdomane i skolen. Andre opplevde at ingen UKM-deltakarar kom på planlagte lesestunder, at skolen trekte seg, eller tilbodet var frivillig for elevane og ingen valte tilbodet. Biblioteka reflekterer rundt eigen praksis og tar med seg erfaringane vidare. Shared reading, eller samlesing som vi kan kalle metoden på norsk, er nok ukjent for dei fleste ungdomane, så det er viktig å «selje det inn» på ein god måte slik at dei kan forstå kva det går ut på.

Kristiansund bibliotek satsa mest på å formidle BookBites, og ikkje minst litteratur som er tilgjengeleg gjennom appen, til elevar i Gjemnes og Kristiansund kommunar. Dei tilsette som var involvert i prosjektet har fått utfordra seg gjennom å formidle nytt stoff og til nye målgrupper. Det vart gjennomført shared reading-lesestunder i vidaregåande skole, noko dei også vil prøve å gjere meir av framover. Målet for Kristiansund bibliotek var i utgangspunktet å nå ungdom i fritidsklubben som skulle opne hausten 2022, men det viste seg å by på ein del utfordringar, som dei ikkje kunne forutsjå. Dei som formidla e-bøker og lydbøker opplevde prosjektet som lærerikt; dei måtte sette seg meir inn i BookBites, lese seg opp på ny litteratur som var tilgjengeleg for målgruppa i appen, og dei kom seg ut av biblioteket for å gjennomføre formidlingstiltaka. Sjølv om prosjektet vart gjennomført på ein litt annan måte enn planlagt, har prosjektet blitt opplevd som vellukka og positivt for dei som har deltatt.

Molde bibliotek oppretta samarbeid med ungdomsleiar og ungdomsarbeidarar i fritidsklubbar i kommunen og gjennomførte ein vellukka klubbkveld for ungdom på biblioteket i samarbeid med ungdomsklubben. Då var det bok-rebus, omvising i biblioteket, shared reading-lesestund og bibliotekquiz. Biblioteket ønsker å halde fram dette samarbeidet. Biblioteket prioriterte å bruke tida på å planlegge klubbkvelden. Dei la dessutan til rette for eit ordinært møte i Ungdomsrådet på biblioteket med shared reading som del av programmet. Arbeidet med prosjektet var lærerikt og interessant, særleg for å hjelpe dei bibliotektilsette med å vurdere kva biblioteket kan tilby ungdomane. Molde bibliotek skriv at biblioteket som ein stad for alle, vart endå tydelegare for dei, og dei ønsker å jobbe vidare med å utvikle biblioteket som ein arena for ungdom.

Vi vil trekke fram videoane Tingvoll bibliotek laga basert på tekstar samla av Edvart Langset og utgitt i boka *Segner, gåter, folketru frå Nordmør* frå 1948. Videoane vart publisert på YouTube med teksting, og delt på Facebook og TikTok. Ein del av videoane vart laga av elevar i vidaregåande skole, og desse videoane er også nokre av dei mest sette. Eit leseprosjekt knytt til denne formidlinga vart gjennomført med 10. klassingar ved Tingvoll barne- og ungdomsskole. Elevane fekk lese ein fantasy-roman som dei skulle

knyte opp mot det overnaturlige i folketrua. Leseprosjektet varte i fire veker.

Økonomi

Kor mykje tid det enkelte biblioteket har brukt på prosjektet er avhengig av storleik og med det personalressursar til frikjøp og eigeninnsats, samt kva for kompetanse det enkelte biblioteket har blant sine tilsette, jf. søknaden. Kristiansund bibliotek administrerer også folkebiblioteket i Gjemnes kommune, difor er desse rapportert under eitt. Under følger ei oversikt over antal timar frikjøp av bibliotektilsette som er refundert. I tillegg kjem minimum 20 prosent eigeninnsats i det enkelte bibliotek. Signert rekneskapsrapport ligg ved denne e-posten.

Bibliotek	Refunderte timar	Beløp
Prosjektleiar Averøy	30	13 830
Averøy	127	58 547
Hustadvika	32	14 752
Kristiansund og Gjemnes	74	34 114
Molde	88	40 568
Rauma	74	34 114
Smøla	55	25 355
Sykkylven	52	23 972
Tingvoll	139	64 079
Samla	671	309 331

Sidan ikkje heile tilskotet er brukt, ber vi om å få oppgitt bankkontonummer for tilbakeføring av restbeløpet på 240 669 kroner til Nasjonalbiblioteket.

Avslutningsvis vil vi referere til det ei som er biblioteksjef på eitt av dei mindre biblioteka skriv. Prosjektet har ført til at ho fokuserer meir på sin eigen formidlingskompetanse, både gjennom digitale kurs, samtalar med andre bibliotek, og ei meir bevisst jobbing opp mot unge i målgruppa for prosjektet. Totalt sett har det vore svært nyttig, og mange av opplegga dei har tenkt ut, skal dei få gjennomført sjølv om dette prosjektet er over.

Takk igjen for tilskotet. Samla sett ser vi at den aktive formidlinga for ungdom her i fylket er styrkt, og folkebiblioteka i prosjektet har gjort seg erfaringar vi også håpar kan kome andre bibliotek til nytte.

Med venleg helsing

Åshild Widerøe

rådgivar litteraturformidling og språk
kulturavdelinga – seksjon for arkiv, bibliotek og museum
Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf. 71 28 05 02 / 930 21 742

ashild.wideroe@mrfylke.no

mrfylke.no



Møre og Romsdal
fylkeskommune